

Preposisjonen *til* mellom lingvistisk teori og leksikografisk praksis¹

Av Ålov Runde og Kristian Emil Kristoffersen

Denne studien ser på sider ved semantikken til preposisjonen *til* i lys av både lingvistisk teori og leksikografisk praksis. Med utgangspunkt i ei kritisk drøfting av artikkelen om *til* i ei større norsk ordbok blir det vist korleis ein kan analysere tydinga til denne preposisjonen innanfor den teoretiske retninga kognitiv lingvistikk. Artikkelen presenterer også eit framlegg til struktur for ein alternativ ordbokartikkel om preposisjonen *til* basert på denne analysen. Denne strukturen har to hovudgrupper av tydingar – ei gruppe leksikalske tydingar og ei gruppe grammatiske. Dei grammatiske tydingane er ikkje vidare inndelte, medan dei leksikalske tydingane dannar tre hovudgrupper: lokative tydingar, tilstandsending og temporal tyding.

1 Innleiing

Semantikken til preposisjonar representerer ei stor utfordring både for den teoretisk orienterte lingvisten og for leksikografen. På den eine sida har preposisjonar ein svært rik og kompleks tydingsstruktur, som det er ei utfordring å analysere og beskrive. Samtidig reiser desse komplekse tydingsstrukturane viktige teoretiske problemstillingar både av reint lingvistisk og vitskapsteoretisk art. For leksikografen er det først og fremst spørsmålet om korleis ein skal beskrive den rike tydingsstrukturen, som utgjør utfordringa. På den andre sida reiser forholdet mellom teoretisk lingvistikk og leksikografisk praksis følgjande spørsmål: I kva grad bør resultat frå studiar i leksikalsk semantikk speglast i ei ordbok? Atkins *et al.* (1988: 101) formulerer følgjande svar på denne utfordringa:

We suggest that theoretically guided investigations into lexical organization can provide the lexicographer with a starting point for a systematic treatment of a lexical element in any type of dictionary.

Som ein parallell til dette skriv Widell (1992: 153) at tankar innanfor det han omtalar som *cognitive science* (og som omfattar teoriar utvikla av lingvistar som Charles Fillmore og George Lakoff) vil kunne ”bidrage med interessante resultater til gagn for definitionsarbeidet”.

Når det gjeld norske preposisjonar, finst det relativt få studiar. Dei som finst, er: Kristoffersen (2001) om *mot*, Krogstad (2000) om *på*, Moshagen (1993) om *over*, Olsen (1995) og Silva (1995) om *i* og *på*. Dersom arbeidsprinsippet til Atkins *et al* skal takast til følgje for norsk leksikografisk praksis, er det med andre ord behov for fleire teoretisk orienterte preposisjonsstudiar.

Vårt bidrag er ein diskusjon av enkelte sider ved semantikken til preposisjonen *til*. Blant anna ser vi kritisk på beskrivelsen av *til* i *Nynorskordboka*, og peiker på nokre problem ved definisjonar og struktur der. Vi drøftar også i kva grad semantisk teori kan kaste lys over desse problema. Meir konkret skal vi sjå nærmare på tre spørsmål:

- Korleis kan ein gi ein mest mogleg uttømmende beskrivelse av semantikken til *til* i norsk i ein ordboksartikkel?
- Gir artikkelen i *Nynorskordboka* ein uttømmende beskrivelse av semantikken til *til* i norsk?
- I den grad svaret er “nei” på spørsmålet over, korleis kan semantisk teori bøte på dette?

Det første spørsmålet forsøker vi å svare på på generelt grunnlag. Det neste vil altså ta utgangspunkt i korleis *til* er behandla i *Nynorskordboka*. Sjølv om det vi skriv ikkje automatisk vil gjelde for andre større ordbøker for norsk, t.d. *Bokmålsordboka* og *Norsk Riksmålsordbok*, er fellesdraga mellom desse tre ordbøkene likevel såpass mange og gjenomgåande at mykje av det vi seier om *Nynorskordboka*, også vil gjelde for dei to andre. Det tredje spørsmålet på lista ovanfor vil som nemnt bli besvart med utgangspunkt i ein bestemt teori. Den analysen vi presenterer nedanfor, vil ikkje nødvendigvis følgje av andre teoriar. Framstillinga vår i denne delen av studien er først og fremst meint å skulle illustrere korleis semantiske teoriar kan bidra til ordboksdefinisjonar.

La oss nå vende tilbake til det første spørsmålet vi stilte ovanfor: Korleis kan ein gi ein mest mogleg uttømmende beskrivelse av semantikken til *til* i ein ordboksartikkel? Dei fleste funksjonsorda, og særleg preposisjonar, er svært høgfrekvente ord. Berre i setelarkivet til

Norsk Ordbok finst det for eksempel over 4 500 einskildbelegg på preposisjonen *til*, i tillegg til dei tusenvis av treffa ein kan få frå enkle eller meir avanserte korpusøk. Leksikografen står med andre ord overfor eit enormt materialtilfang, eit tilfang som i prinsippet er nærmast uendelig. Den største utfordringa blir då korleis ho eller han skal forholde seg til denne materialmengda. I prinsippet kan leksikografen velje ein av to tilnæringsmåtar. Eitt alternativ er å arbeide ”nedanfrå og opp”, det vil seie å la materialet bestemme tydingsstrukturen og organiseringa av ordbokartikkelen. Ein slik tilnæringsmåte er svært arbeids- og tidkrevjande ettersom ein bruker mykje tid og tankeverksemd på å analysere materialet. Resultatet vil kanskje spegle den rike tydingsstrukturen til preposisjonen, men på den andre sida står ein i fare for å ”drukne” i materialrikdom og tydingsnyansar. For leksikografen er det lett å falle på tanken at di fleire undertydingar ein har, di rikare og betre er analysen. Ein slik ordboksartikkel blir svært detaljert, svært omfangsrik og – ikkje minst – svært vanskeleg å orientere seg i. Artikkelen om *til* i *Norsk Riksmålsordbok* er eit eksempel på ein slik (lite brukarvenleg) ordbokartikkel: Han går over sju sider og har svært mange nivå i tydingsstrukturen. Ei meir alvorleg innvending mot denne tilnæringsmåten er at ein slik ordboksartikkel ofte kan ha problem med å spegle det allmenne og prototypiske ved tydinga til preposisjonen. Detaljar og mange tydingsnyansar står i vegen for det generelle, det grunnleggjande ved semantikken til preposisjonen.

Eit anna alternativ for leksikografen er å arbeide ”ovanfrå og ned”, det vil seie å la hypotesar om tydingsstruktur vere utgangspunkt for organiseringa av materialet og ordbokartikkelen. Ved ein slik framgangsmåte bruker ein meir tid og tankeverksemd på å utforme hypotesar om ein tydingsstruktur, men tilsvarande mindre tid og arbeid på materialanalysen. Ved ein slik tilnæringsmåte er det kanskje ikkje råd å fange alle sider eller nyansar ved den rike tydingsstrukturen til preposisjonen. Vidare kan ein innvende at resultatet av ein slik tilnæringsmåte kan bli for *lite* detaljert og for generelt, ettersom leksikografen lettare kan sjå bort frå problematiske eksempel og særtilfelle av preposisjonsbruken. Men på den andre sida er føremålet her primært eit anna, nemleg å kartlegge og beskrive den prototypiske, allmenne bruken av preposisjonen. Dette vil truleg også speglast i resultatet. Ordboksartikkelen vil bere preg av at leksikografen har operert med større (allmenne, prototypiske) semantiske kategoriar og færre undertydingar.

Etter vårt syn er denne siste tilnæringsmåten den beste, av to grunnar. For det første fordi ein slik tilnæringsmåte vil tilfredsstillе ønsket om å basere semantiske beskrivelsar i ordbøker på ”theoretically guided investigations into lexical organization” (Atkins *et al* 1998: 101; jf. avsnitt 1 over). For det andre fordi ein ordbokartikkel bygd på eit slikt organiseringsprinsipp altså vil bli mindre omfangsrik og dermed også lettare å finne fram i. Han vil med andre ord bli meir brukarvenleg.

2 Artikkelen om *til* i *Nynorskordboka*

Nynorskordboka (heretter *NOB*) stiller opp 12 hovudtydingar av preposisjonen *til*. Fleire av dei er definerte med ulike undertydingar. I dette avsnittet skal vi sjå nærmare på korleis desse hovudtydingane er definerte, og peike på nokre problem med definisjonane.

Hovudtyding 1 er definert som i (1):

- (1) NOB: Hovudtyding 1
 - a. Reise(mål), slutt punkt for ei rørsle: *køyre til byen; gå til sengs, setje seg til bords*
 - b. Rørsle i ei viss retning: *vike til sides*

Her uttrykkjer *til* ein konkret lokativ relasjon, og av grunnar vi kjem tilbake til i avsnitt 4 nedanfor, er det naturleg at denne kjem tidleg i artikkelen. Definisjonen er konsis nok til at ein brukar vil forstå kva som er meint. Det er likevel enkelte problem her. For det første er det med utgangspunkt i fleire av eksempla som er valde, vanskeleg å sjå den reelle forskjellen mellom (1a) og (1b) – med andre ord: i bruken av *til* er det vanskeleg å skilje mellom ei rørsle og slutt punktet for denne rørsle i konkrete eksempel. Rett nok viser (1a) til eit konkret slutt punkt, medan (1b) ikkje gjør det. Men dette er det rimeleg å rekne som eit utslag av skilnaden mellom på den eine sida *by, seng og bord*, som altså definerer konkrete endepunkt, og *sides*, som ikkje gjør det. Skilnaden mellom (1a) og (1b) blir i dette perspektivet ikkje ein skilnad i den semantiske strukturen til *til*, men eit utslag av den språklege konteksten denne preposisjonen inngår i.

Eit anna problem, som først og fremst gjeld (1b), er at mange av eksempla ikkje er opplagte eksempel på ”rørsle i ei viss retning”, som i dei følgjande eksempla:

- (2) a. *vere festa til noko*
- b. *vakne til ein ny dag*
- c. *stryke til eksamen*
- d. *få kjennskap til*

Hovudtyding 2 i *NOB* er definert under (3):

- (3) *NOB*: Hovudtyding 2
- Tilstand: *liggje til sengs, stå til rors, sitje til bords*

Her fokuserer altså *NOB* på tilstand. Men eksempel som *liggje til sengs* osv. uttrykkjer like mykje påstadsrelasjonar som tilstandar. Samtidig uttrykkjer dei påstadsrelasjonar der tilsvarande eksempel under hovudtyding 1 i (1a) uttrykkjer tilstadsrelasjonar. Dette forholdet burde ha kome fram i ordboka.

Hovudtyding 3 står oppført med tre ulike nyansar, ”retning”, ”rørsle” og ”overgang”, jf. (4):

- (4) *NOB*: Hovudtyding 3
- a. Retning: *utsyn til sjøen*
- b. Rørsle: *snu ryggen til nokon*
- c. Overgang: *fryse til is*

Her stiller vi spørsmålet kvifor *rørsle* opptrer på nytt under ei ny hovudtyding. Kunne eksempel (4b) like godt ha vore plassert under hovudtyding 1? Eit anna spørsmål er korleis ”retning”, ”rørsle” og ”overgang” uttrykkjer nyansar av ei og same hovudtyding.

Hovudtyding 4, vist i (5), er presisert ved ”grense” og ”tidspunkt”:

- (5) *NOB*: Hovudtyding 4
- a. Grense: *åkeren når ned til elva*
- b. Tidspunkt: *flytte inn til jul*

Blant eksempla finn vi også *kjøpe bil til hundre tusen*, som vi finn det vanskeleg å sjå i forhold til både grense og tidspunkt. Grense er kanskje det som er tenkt her, men det er ikkje heilt sjølvinnlysande kva slags grense det dreier seg om.

Hovudtyding 5, ”føremål”, med eksempel som *ta åkeren til veg*, seier vi ikkje meir om nå, og går vidare til hovudtyding 6, vist under punkt (6):

- (6) NOB: Hovudtyding 6
- a. Evne: *vere dårleg til beins, i form til å sykle*
 - b. Høve: ingen eksempel
 - c. Utveg: ingen eksempel
 - d. Årsak: *vere opphav til noko*
 - e. *vere til glede, til hjelp, til skade, til sorg*
 - f. *ein skuff til å låse*
 - g. *grunn til å gråte*

Eitt problem med (6) er knytt til samanstillinga av synonyma "evne", "høve", "utveg" og "årsak". Dersom dei alle definerer ei og same hovudtyding (som dei ved å stå under same tal i artikkelen faktisk er meint å gjøre), bør dei ha eit tydeleg semantisk forhold seg i mellom. Det er det mogleg at dei har, men det er ikkje innlysande korleis, og for ordboksbrukaren er det vanskeleg å sjå, all den tid ikkje alle nyansane er illustrerte.

Vidare er det eit problem med bruken av desse orda i definisjonen under hovudtyding 6 at dei viser til tydinga av andre ord enn preposisjonen sjølv. Som illustrasjon på "evne" under punkt (6b) finn vi blant anna uttrykka *vere dårleg til beins* og *i form til å sykle*. Men her er det ikkje først og fremst preposisjonen *til* som uttrykkjer "evne", men derimot *vere dårleg* og (*vere*) *i form*. Tilsvarande finn vi uttrykket *vere opphav til noko* (6d) som illustrasjon på "årsak". Men igjen er det eit anna ord enn *til* som blir definert gjennom synonymet som ordboka oppgir, nemleg *opphav*.

Eit tredje problem er at det ikkje alltid er innlysande at eit gitt eksempel illustrerer den tydinga det er meint å illustrere. Vi held fram med hovudtyding 6 og ser på dei eksempeluttrykka vi ikkje har diskutert til nå, nemleg (6e, f, g). Spørsmålet er dette: Korleis er uttrykka i (6e–g) illustrasjonar på "evne", "høve", "utveg" og "årsak"? For oss er ikkje dette umiddelbart lett å forstå. På bakgrunn av dette kan ordboksbrukaren derfor med rette spørje kva uttrykka illustrerer, og vidare kva eksempel som hører til kva synonym. Dersom det ikkje er mogleg å svare på desse spørsmåla, blir det neste spørsmålet kva slags definisjonar ordboka treng for å sortere desse eksempla på ein brukarvennleg måte.

Hovudtyding 7 og 8, som er tatt med under punkt (7) og (8), kommenterer vi ikkje spesielt på dette punktet, men kjem tilbake til dei i avsnitt 4 nedanfor.

- (7) NOB: Hovudtyding 7
a. Samband: *drikke vatn til maten*
b. Omsyn: *ein tulling til mann*
- (8) NOB: Hovudtyding 8
Samanlikning: *for stor til å gråte*

NOBs hovudtyding 9 er vist i (9):

- (9) NOB: Hovudtyding 9
a. Eigedomstilhøve: *mor til jenta, bror til snikkaren, ha bispen til morbror, nykelen til huset*
b. Årsak: ingen eksempel oppgitt

Hovudtyding 9 er altså definert ved synonyma ”eigedomstilhøve” og ”årsak”. Problemet med eksempla som skal illustrere eigedomstilhøve, er at ingen av dei faktisk uttrykkjer klare eigedomstilhøve, og det er vanskeleg å sjå at nokon av dei uttrykkjer årsak. Eit anna spørsmål er kvifor ”årsak” opptreer både her og under hovudtyding 6, jf. (6d).

Dei tre siste hovudtydingane skil seg frå dei føregåande ved å vere definerte med utgangspunkt i anten ordklasse eller kva *til* står saman med:

- (10) NOB: Hovudtyding 10
Framfor infinitivsmerke: *vere snar til å gå*
- (11) NOB: Hovudtyding 11
Saman med adverb: *inntil, opptil*
- (12) NOB: Hovudtyding 12
Som konjunksjon: *Han sprang til han stupte*

Kvifor går NOB på desse tre punkta over til å definere på ein annan måte enn ved dei føregåande hovudtydingane? Er det fordi ein reknar med at *til* ikkje har noka tyding her, eller er det fordi det av ein eller annan grunn er vanskeleg å avgrense eller beskrive denne tydinga, og at det dermed blir lettare å karakterisere bruksmåten på formelt grunnlag?

Nå er det slik at informasjonen som inngår i (10) – (12) opplagt må med i ei ordbok på ein eller annan måte. Her reiser vi bare spørsmålet om

korleis han skal beskrivast i ein ordboksartikkel. Ein kan sjølvsagt la det vere som det er. Men ein kan også tenke seg ei løysing der ein reknar med at *til* i desse eksempla har ei form for grammatisk tyding, og slik høyrer til same gruppe som *til* i uttrykk som *nøkkelen til huset*, *boka til forfattaren* og *mora til Per*. Dette kjem vi tilbake til i avsnitt 4.4 nedanfor.

Ei kort oppsummering så langt: Vi har forsøkt å sjå på definisjonar og eksempel i NOBs artikkel om *til* frå eit brukarsynspunkt og har funne ut at han ikkje er utan problem. For det første kan det vere vanskeleg å forstå postulerde nyansar innanfor ei og same hovudtyding, som i hovudtyding 1:

- (1) NOB: Hovudtyding 1
 - a. Reise(mål), sluttunkt for ei rørsle: *køyre til byen; gå til sengs, setje seg til bords*
 - b. Rørsle i ei viss retning: *vike til sides*

For det andre er det eit problem at definisjonar innanfor ulike hovudtydingar overlappar kvarandre, jf. (1b) og (4b):

- (1) b. NOB 1: Rørsle i ei viss retning: *vike til sides*
- (4) b. NOB 3: Rørsle: *snu ryggen til nokon*

Og for det tredje er det eit problem at dei utvalde eksempla ikkje alltid passar med definisjonane, slik tilfellet var med hovudtyding 6, definert ved ”evne, høve, utveg, årsak”. Og for det fjerde kan det oppfattast som eit problem at definisjonane dels er semantisk baserte, og dels er baserte på ordklasse, og dels er baserte på kontekstuelle forhold.

3 Teoretisk ramme: Kognitiv lingvistikk

Det er med andre ord slik at beskrivelsen av *til* i NOB er uklår. Ein viktig grunn til dette er etter vårt syn at semantikken til denne preposisjonen ikkje er analysert på ein tilfredsstillande måte. I denne delen av artikkelen skal vi derfor forsøke å vise korleis ein ved hjelp av semantisk analyse fundert i kognitiv lingvistikk kan få fram ein klarare beskrivelse av semantikken til *til*. Ein slik beskrivelse vil igjen kunne fungere som utgangspunkt for ein leksikografisk beskrivelse av dette ordet.

I kognitiv lingvistikk blir språket oppfatta som eit strukturert inventar av symbolske einingar, dvs. einingar med både uttrykk og tyding. Uttrykkssida i ei symbolsk eining blir kalla ein fonologisk struktur, medan tydingsida blir kalla ein semantisk struktur.

3.1 Preposisjonar – uttrykk for relasjonar

I vårt perspektiv er det den semantiske sida av dei symbolske einingane i språket som er den mest interessante. La oss først sjå generelt på korleis den semantiske sida til preposisjonar blir beskrive innanfor kognitiv lingvistikk. Semantisk sett er preposisjonar uttrykk for relasjonar mellom to ulike einingar, som kan vere anten konkrete eller abstrakte. Sjå på følgjande eksempel:

- (13) a. *Han sende ballen mot mål.*
 b. *Eplet ligg i fruktfatet.*

Eksempel (13a) skildrar ein situasjon der det inngår ein bestemt relasjon mellom ein ball og eit mål. Preposisjonen *mot* uttrykkjer både relasjonen i seg sjølv og det at ballen beveger seg i retning av målet. Tilsvarande uttrykkjer preposisjonen *i* i (13b) ein relasjon mellom eit eple og eit fat, slik at fruktfatet inneheld eplet.

Dei to storleikane i relasjonen uttrykt ved preposisjonar blir i kognitiv lingvistikk kalla *trajectory* (*tr*) og *landmark* (*lm*) (jf. Langacker 1987:231–234). Det elementet i ein slik lokativ relasjon som er i konseptuelt fokus, som anten er ein bestemt stad, eller beveger seg langs ei rute eller til ein bestemt stad, er *trajectory*. Det andre elementet i relasjonen, som angir stad, rute osv. er *landmark*. I (13a) uttrykkjer preposisjonen *mot* ein bestemt lokativ relasjon mellom ein ball og eit mål. Forholdet mellom ballen og målet er slik at det er ballen som er konseptuelt i fokus, medan målet fungerer som ei slags referanseramme. I (13a) refererer *ballen* til *tr* og *mål* til *lm*. I (13b) er *eplet* fokus i den lokative relasjonen, og dermed *tr*, medan *fruktfatet* angir staden der *tr* er plassert, og dermed *lm*.

3.2 Er preposisjonar uttrykk for rørsle?

I to av definisjonane av *til* i *NOB* som blei gjennomgått i avsnitt 3 ovanfor, inngår termen *rørsle*, jf. (1b) og (4b). Betyr dette at preposi-

sjonen *til* uttrykkjer rørsle? Dette spørsmålet heng saman med det skiljet som blir trekt mellom preposisjonar som uttrykkjer ein ”tilstadsrelasjon” og ein ”påstadsrelasjon” i tradisjonelle grammatikkar, f.eks. over tysk eller norrønt. I norrønt er det for eksempel slik at preposisjonen *fyrir* kan uttrykkje begge relasjonar – utfyllinga vil då ha akkusativ kasus (*konung*) ved tilstadsrelasjonen, jf. (14a), og dativ kasus (*konungi*) ved påstadsrelasjonen, jf. (14b):

- (14) a. *Gekk hann fyrir konung.*
 ”Gikk han framfor kongen”
 b. *Stóð hann fyrir konungi.*
 ”Stod han framfor kongen”

(14a) viser til ein situasjon der *hann* (*tr*) beveger seg til ein ”stad”, plassen framfor kongen (*lm*), og står slik i motsetnad til situasjonen i (14b), der det ikkje er ein slik bevegelse. Betyr dette at preposisjonen *fyrir* uttrykkjer rørsle i (14a), men ikkje i (14b)? Nei, snarare er det vel slik at i ingen av situasjonane uttrykkjer *fyrir* rørsle. Rørsletydinga i (14a) kjem i staden frå verbet *gekk*, 3. sg. presens indikativ av *ganga*. I (14b) er det tilsvarande verbet *stóð*, 3. sg. presens indikativ av *standa*, som ikkje er eit rørsleverb. Med andre ord: Rørsletydinga i (14a) er eit resultat av tydingsbidrag frå verbet. Preposisjonen på si side bidrar med informasjon om korleis eller langs kva slags bane rørsla går føre seg. (Sjå også Tyler & Evans 2003: 217f. for ein parallell diskusjon av preposisjonar i engelsk.)²

3.3 Semantiske nettverk


Dei aller fleste leksikalske einingar er fleirtydige, og preposisjonar står i ei særstilling her fordi dei har ein særskilt rik tydingsstruktur. Sagt på ein annan måte: Preposisjonar er sterkt fleirtydige. Gjennomgangen av artikkelen om *til* i *Nynorskordboka* i avsnitt 3 over viste noko av fleirtydigheita ved denne preposisjonen.

I beskrivelsar av fleirtydigheit innanfor kognitiv lingvistikk står omgrepet *polysemi* sentralt (sjå f.eks. Cruse 1995, Taylor 2002). Polysemi inneber at to eller fleire beslektta tydingar deler same uttrykk. Eit eksempel er ordet *bom*, som mellom anna kan bety:

- ”vassrett stong til å stenge veg med”
- ”vassrett trebjelke som blir brukt til kroppsøving”

Desse to tydingane er beslekta gjennom å dele førestellinga om eit objekt med ei bestemt form – ”tynn, avlang gjenstand” – med ei bestemt romleg orientering – ”vassrett”. Vidare finn vi ei beslekta tyding av det same ordet i uttrykk som *setje bom for vidare forhandlingar*, der fokus ligg på eit funksjonelt aspekt ved vegbom-tydinga – det å hindre at noko skjer.

Dei tre tydingane av ordet *bom* inngår i bestemte relasjonar til kvarandre – vegbom- og kroppsøvingsapparat-tydingane er relaterte gjennom form og romleg orientering, medan vegbom-tydinga på si side er funksjonelt relatert til tydinga som viser til hindring. Slike relaterte tydingar blir kalla eit semantisk nettverk. Grafisk kan vi framstille dette som i figur 1.



Figur 1: Semantisk nettverk for *bom*

Nettverket i figur 1 viser at det er ein viss asymmetri mellom dei tre tydingane til ordet *bom* – vegbom-tydinga er relatert både til ”kroppsøvingsapparat” og til ”hinder”, medan dei to siste ikkje er direkte relaterte. I avsnitt 4 skisserer vi eit slikt semantisk nettverk for preposisjonen *til*, der det som bind saman dei leksikalske tydingane av ordet, er såkalla konseptuelle metaforar. Konseptuelle metaforar er tema for det neste underavsnittet.

3.4 Biletskjema og konseptuelle metaforar

Framstillinga vår av semantikken til preposisjonen *til* tar utgangspunkt i teoretiske omgrep utvikla i kognitiv lingvistikk (særleg Lakoff & Johnson 1980, Lakoff 1987, 1993):

1. Romrelasjonar blir konseptualiserte gjennom såkalla **biletskjema** (*image schemas*). Biletskjema har ein intern struktur med identifiserbare element.

2. Biletskjema kan vere utgangspunkt for metaforiske ekstensjonar. Resultat: Meir abstrakte begrep blir forståtte via dei konkrete romrelasjonane. Det teoretiske begrepet **konseptuell metafor** (*conceptual metaphor*) dekkjer dette. Ein konseptuell metafor frå eit gitt biletskjema inneheld dei same strukturelementa som dette biletskjemaet, men innanfor eit anna konseptuelt domene.

Som ein illustrasjon på desse to omgrepa kan vi ta ein situasjon der ein person beveger seg frå ein stad til ein annan langs ei bestemt rute. Ein tilskodar som er vitne til ein slik situasjon, vil, med utgangspunkt i desse teoretiske begrepa, konseptualisere ruta med utgangspunkt i eit biletskjema som har blitt kalla *source – path – goal* (Lakoff 1987: 283), på norsk **startpunkt – rute – sluttpunkt**, der altså nokon beveger seg frå eit startpunkt via ei bestemt rute til eit sluttpunkt. Startpunktet, ruta og sluttpunktet utgjør dei strukturelle elementa i dette biletskjemaet.

Biletskjemaet startpunkt – rute – sluttpunkt kan i sin tur vere kjelddomene (*source domain*) til ein metaforisk ekstensjon til eit nytt domene, som blir kalla måldomene (*target domain*). Vatn som frys til is, vil etter teorien bli forstått gjennom ein slik ekstensjon av startpunkt – rute – sluttpunkt, der startpunktet er vatn, sluttpunktet er is, og ruta mellom dei er ei i prinsippet uendeleg kjede av tilstandar mellom startpunkt og ytterpunkt.

Det er viktig å hugse på at forholdet mellom eit biletskjema og konseptuelle metaforar som utgår frå dette, er eit forhold mellom begrepsmessige – altså mentale – størrelsar. I språket kjem dette forholdet til syne ved at det ofte er eitt og same uttrykk som uttrykkjer både biletskjema (eller delar av det) og ekstensjonar. Som i eksemplet i (15), der preposisjonane *frå* og *til* er med på å uttrykkje både ei fysisk forflytting (15a) og ei tilstandsending (15b):

- (15) a. *Frå Bergen til Oslo på 2 timar*
 b. *Frå vatn til is på 5 sekund*

3.5 Er preposisjonar funksjonsord eller innhaldsord?

Både i den ikkje-kognitive lingvistiske litteraturen og i (tradisjonell) ordbokpraksis skil ein gjerne mellom innhaldsord eller leksikalske ord på den eine sida, og funksjonsord eller relasjonsord på den andre. Ord som blir klassifiserte som innhaldsord, hører til ordklassene substantiv, verb

og adjektiv, medan funksjonsorda – typisk determinativ, subjunksjonar og konjunksjonar – på si side primært uttrykkjer relasjonar og/eller grammatisk funksjon.

Preposisjonar står i ei mellomstilling mellom innhaldsord og funksjonsord. I den generative litteraturen blir dei ofte nemnde saman med innhaldsordklassane substantiv, verb og adjektiv. Samtidig har dei eigenskapar til felles med funksjonsord – dei er ubøyge, og dei kan uttrykkje abstrakte, grammatiske relasjonar. *Norsk referansegrammatikk* seier f.eks. om preposisjonar at dei er ”primært leksikalske ord med et beskrivbart, om enn ganske vidt tydingsinnhold. (...) mange preposisjoner har oftest en mer abstrakt funksjon, slik at de også kan regnes som grammatiske ord.” (Faarlund & al 1997: 417f). Og som vi skal sjå, er preposisjonen *til* eit godt eksempel på at preposisjonar har semantiske eigenskapar til felles både med innhaldsord og funksjonsord.

4 Ei skisse av av semantikken til preposisjonen *til*

Sentralt i kognitiv grammatikk står tanken om at våre røynsler med den fysiske omverda – kroppen inkludert – spelar ei grunnleggjande rolle i vår strukturering og forståing av røyndomen (Lakoff og Johnson 1999). Og fordi denne lingvistiske retninga ikkje reknar med noko vasstett skott mellom omgrepsdanning generelt og omgrep som kjem til uttrykk gjennom språket, vil også det fysiske stå sentralt i språkleg tyding (Johnson 1987, Sweetser 1990). Såleis blir også tydingselement som viser til fysiske størrelsar, rekna som meir grunnleggjande enn tydingselement som viser til meir abstrakte forhold. Vidare blir meir abstrakte tydingselement rekna som avleidde frå ulike fysisk funderte tydingselement.

Ut frå eit slikt resonnement kan vi rekne med den lokative tydinga til *til* som grunnleggjande i forhold til andre meir abstrakte tydingar. Beskrivelsen av denne tydinga, og forholdet mellom denne og andre, avleidde tydingar blir det gjort greie for ut frå følgjande prinsipp:

- eit biletskjema for den lokative tydinga og metaforiske eksten-sjonar frå dette skjemaet
- skiljet mellom leksikalsk og grammatisk tyding

I det følgjande skal vi først sjå nærmare på den lokative tydinga og deretter

på ekstensjonane frå denne. Etter dette drøftar vi det som vi oppfattar som grammatiske tydingar ved denne preposisjonen. I oppsummeringa presenterer vi skjelettet av ein ordbokartikkel for *til*, som byggjer på denne analysen.

4.1 Lokativ

Vi tar nå utgangspunkt i dei eksempla som har blitt diskuterte i avsnitt 3 ovanfor, med andre ord dei eksempla som er brukte som illustrasjonar i *NOB*. Første gruppe ut er ei rekke lokative bruksmåtar, vist under punkt (16):

- (16) a. *køyre til byen*
 b. *vike til sides*
 c. *liggje til sengs*
 d. *utsyn til sjøen*
 e. *åkeren når ned til elva*
 f. *snu ryggen til nokon*

(16a) skildrar ein situasjon der *tr* beveger seg langs ei rute mot eit slutt-punkt (*lm*), og når dette sluttpunktet. *Til* i denne bruken uttrykkjer altså delar av biletskjemaet **startpunkt-rute-sluttpunkt**. Startpunktet er ikkje definert, medan rute og sluttpunkt er det.³

(16b) er medlem av ei lita gruppe uttrykk der *til* styrer ein gammal genitiv, og har mykje til felles med bruksmåten i (16a): Det dreier seg om ei rørsle som tar ei bestemt rute. Her er ikkje sluttpunktet klart definert, men ligg likevel i uttrykket *sides*.

Også (16c) inneheld ein gammal genitiv: *sitje til bords*, *stå til rors*. Her uttrykkjer *til* ulike påstadsrelasjonar, jf. uttrykka i (17), som er omskrivingar med påstadspreposisjonar: ⁴

- (17) a. *liggje til sengs – liggje i senga*
 b. *sitje til bords – sitje ved bordet*
 c. *stå til rors – stå ved roret*

Kva er relasjonen mellom tilstadsydinga i (16a og b) og påstadsydingane i (17)? Kort sagt uttrykkjer dei sistnemnde **nådd sluttpunkt**, som resultat av bevegelse langs ei rute. Dette forholdet kjem fram i at vi kan erstatte i det minste somme av dei tre påstadsuttrykka i (17) med tilstadsuttrykk som dei i (18), som er plasserte under hovudtyding (1) i *NOB*:

- (18) a. *leggje seg til sengs*
 b. *setje seg til bords*

Legg merke til at det er verbet som er avgjørande for om uttrykka med *til* i (16a, b), blir tolka som tilstadsuttrykk og ikkje påstadsuttrykk. Dette er forventa ut frå diskusjonen i avsnitt 4.2 ovanfor.

Vi går vidare til uttrykka i (16d og e), gjentatt her:

- (16) d. *utsyn til sjøen*
 e. *åkeren når ned til elva*

Desse to eksempla skildrar statiske tilstandar der noko er orientert eller utstrekt mot noko anna: I (16d) er det eit utsyn som strekker seg i ei bestemt retning og med ei bestemt utstrekning. Både retning og utstrekning er definert av sjøen. Også i dette eksemplet kjem derfor delar av biletskjemaet startpunkt-rute-sluttpunkt til uttrykk. Ruta er definert ved utstrekninga mot sjøen, sluttpunktet er definert ved sjøen. Skilnaden til (16a), *køyre til byen*, er at det ikkje skjer ein bevegelse.

Vi gir ein tilsvarande analyse av (16e): Åkeren har ei utstrekning i ei viss retning. Både utstrekning, som er analogt med sluttpunkt, og retning, analogt med rute, er definert av elva. Også neste eksempel, (16f) – *snu ryggen til nokon* – uttrykkjer eit retningselement, der ein rygg er orientert i ei bestemt retning. Retninga har også eit ”sluttpunkt”, som kjem til uttrykk gjennom pronomenet *nokon*, dvs. beskrivelsen av den som får vendt ryggen mot seg.

Vi tar ei rask oppsummering av dei lokative tydingane til *til*: Dei eksempla vi har sett på til nå, har blitt analyserte som uttrykk for ulike aspekt ved den same lokative relasjonen, der to einingar er bundne saman på ein asymmetrisk måte via ei ”rute”. Fokus ligg anten på ein kombinasjon av rute og sluttpunkt, på sluttpunkt aleine, eller på utstrekning eller retning mot eit sluttpunkt.

4.2 Tilstandsending

I det neste eksemplet vårt, (19), er *til* del av eit uttrykk for tilstandsending, der verbet *fryse* viser til sjølve endinga, mens *til* bind saman denne endinga med resultatet av ho – som er uttrykt ved ordet *is*:

(19) *fryse til is*

Sett i lys av teorien om konseptuelle metaforar inneber (19) ein metaforisk ekstensjon av den lokative tydinga til eit anna domene. Uttrykket skildrar ei tilstandsendring, der sluttpunktet – altså den oppnådde tilstanden – er is. Ruta er overgangen frå flytande til fast form. Vi hugsar at eit krav ved konseptuelle metaforar frå biletskjema er at strukturelementa frå biletskjemaet blir med over i det nye domenet. Dette kravet er med andre ord tilfredsstilt her.

4.3 Temporale bruksmåtar

(20a) og (20b) er to ulike eksempel på ein metaforisk ekstensjon frå det lokative biletskjemaet til eit temporalt domene:

- (20) a. *flytte inn til jul*
b. *Han sprang til han stupte.*

I (20a) dreier det seg om ei utstrekning – eller ei ”rute” – langs ei tidslinje, frå eit tidspunkt (som kan vere ytringstidspunktet) til eit anna, definert ved uttrykket *jul*, som er sluttpunktet for utstrekninga.

Den innføydde setninga i (20b), *han stupte*, er ein beskrivelse av ei hending, men saman med preposisjonen definerer ho eit sluttpunkt for ein aktivitet med ei viss utstrekning langs tidslinja, jf. eksempel (21):

- (21) *Han sprang til klokka 5.*

I *NOB* er (20b) eit eksempel på hovudtyding 12, ”konjunksjon”. På grunnlag av fellesdrag med andre eksempel (som riktig nok er annleis formelt sett) vil vi altså i staden plassere han saman med uttrykk for utstrekning eller rørsle langs tidsaksen.

4.4 Grammatiske bruksmåtar av preposisjonen til

Ovanfor (avsnitt 3.5) drøfta vi skiljet mellom innhaldsord og funksjonsord. Dette skiljet er nært knytt til ein annan distinksjon, mellom leksikalsk og grammatisk tyding. Desse to typane av tyding skil seg frå kvarandre ved at grammatiske tydingselement er abstrakte og avhengige av

andre tydingselement, medan leksikalske tydingselement typisk er konkrete og uavhengige av andre tydingselement. Eit enkelt eksempel på dette er forholdet mellom stammen og bøyingsformativen i ordet *boka*. *Bok* uttrykkjer ei relativt konkret tyding, som er relativt uavhengig av tydinga til andre morfologiske element, dvs. det kan inngå i ulike samanstillingar og kan også opptre aleine. Bøyingsformativen *-a* uttrykkjer på si side eit ganske abstrakt innhald, ”eintal, bestemt”, som ikkje kan opptre aleine.

Innanfor kognitiv lingvistikk blir skiljet mellom leksikalsk og grammatisk tyding oppfatta som eit graduelt fenomen, der det er rimeleg å snakke om at eit uttrykk har meir eller mindre leksikalsk eller grammatisk tyding. Til nå har vi sett på tydingar av preposisjonen *til* som er relativt konkrete, knytte til eit lokativt eller temporalt domene, eller til tilstandsendingar. Desse tydingane er det naturleg å plassere i den leksikalske enden av skalaen. I det følgjande skal vi sjå nærmare på bruksmåtar av denne preposisjonen som ligg nærmare den grammatiske sida av kontinuumet mellom leksikalsk og grammatisk tyding. Sjå på eksempla i (22):

- (22) a. *kjøpe bil til hundre tusen*
 b. *ta åkeren til veg*
 c. *vere dårleg til beins*
 d. *drikke vatn til maten*
 e. *ein tulling til mann*
 f. *for stor til å gråte*
 g. *mor til jenta*
 h. *vere snar til å gå*

Vår tanke er at *til* her først og fremst uttrykkjer grammatisk underordning, altså at preposisjonen i desse eksempla først og fremst har grammatisk tyding. I norsk er hovudregelen slik at utfyllingar til verb kan stå direkte til verbet utan ein preposisjon i mellom, medan utfyllinga til substantiv og adjektiv må ha ein preposisjon som koplar utfyllinga til hovudet i frasen. Dette er illustrert i følgjande eksempel:

- (23) a. *Ho hoppa fire meter*
 b. *eit hopp på fire meter*
 (24) a. *Kari ønskjer å reise*
 b. *eit ønske om å reise*

Vender vi tilbake til eksempla med *til* i (22), ser vi at *til* gjennomgåande er hovud i ein preposisjonsfrase som står som utfylling til anten eit substantiv – dette gjeld (22a, b, d, e og g) – eller eit adjektiv – dette gjeld (22c, f, h).

Dersom dette er eit rimeleg utgangspunkt for ein analyse av *til* som uttrykk for grammatisk tyding, reiser dette to nye spørsmål:

- Korleis karakterisere den grammatiske tydinga til *til*?
- Kvifor har nettopp *til* blitt tatt i bruk til dette føremålet?

Når det gjeld det første spørsmålet, har vi alt peikt på at *til* i desse eksempla er uttrykk for syntaktisk underordning. Slik har *til* her det Dyvik (1980: 82f) kallar strukturelt innhald. Dyvik nemner spesifikt preposisjonen *til*, og skriv:

I former for moderne norsk har preposisjonen 'til' fått en temmelig vid anvendelse som "genitivserstatning". Dette tilsvarer en utvikling i retning av at 'til' innenfor ett av sine bruksområder mister sitt opphavlige relasjonelle innhold og står igjen bare med strukturelt innhold. (Dyvik 1980: 83)

Ein slik analyse reiser også eit anna, beslekta spørsmål: Er strukturell tyding eigentleg tyding på linje med anna tyding, anten det dreier seg om leksikalsk eller grammatisk tyding? Sagt på ein annan måte: Er "syntaktisk underordning" eit tydingselement på linje med "rute mot slutt punkt" ei av dei leksikalske tydingane til *til*, eller har det meir til felles med grammatiske tydingselement som "ubestemt", "eintal" eller "presens"? Langacker skriv for eksempel følgjande om dette spørsmålet:⁵

Prepositions are also adopted for certain "grammatical" functions, in which their meaningfulness and even their prepositional status are often considered doubtful. Here [...] it is argued that the elements in question remain meaningful in these uses [...] (Langacker 1992:287)

Langacker gir ein analyse av grammatiske bruksmåtar av den engelske preposisjonen *of*, der grunnideen er at *of* uttrykkjer "an intrinsic relationship" mellom *tr* og *lm*. Med dette meiner han at i uttrykk som *palm of the hand*, *slab of meat*, *the king of Sweden*, så er *tr* ein del av *lm*,

anten fysisk, eller gjennom meir abstrakte relasjonar, som t.d. statsforma monarki (1992: 296f).

Gjennom denne analysen blir "intrinsic relationship" eit tydingsselement. Det er abstrakt, og det er avhengig av leksikalske tydingar (nærmare bestemt ulike uttrykk for *tr* og *lm*) for å kunne brukast i ei språkleg ytring. Det er med andre ord gode grunnar til å karakterisere visse bruksmåtar av *of* som uttrykk for grammatisk tyding. Dersom vi på bakgrunn av dette vender tilbake til Dyviks karakteristikk av tydinga til *til* som "syntaktisk underordning", ser vi like fullt at denne typen "tyding" er av ein litt annan art enn Langackers. At ein konstituent er syntaktisk underordna ein annan, er ikkje det same som at dei står i eit bestemt konseptuelt forhold til kvarandre, slik "intrinsic relationship" gjør. Slik sett blir *til* som uttrykk for syntaktisk underordning eit element på linje med dei strukturelle kasusa nominativ og akkusativ.

Det andre spørsmålet vi stilte ovanfor, var kvifor nettopp *til* har blitt tatt i bruk til dette føremålet. Innanfor ein lingvistisk teori som meiner at polyseme tydingskategoriar er det normale, vil ein også spørje om det er semantisk slektskap mellom dei meir leksikalske tydingane og den grammatiske tydinga til ei språkleg eining. Analysen av dei leksikalske tydingane av *til* bygde på eit biletskjema med dei strukturelle elementa **rute-sluttpunkt**. Eit element i dette skjemaet er ein asymmetrisk relasjon mellom *lm*, altså den eininga som er definert ved sluttpunktet, og *tr*, den eininga som beveger seg langs ruta. Denne asymmetriske relasjonen finn vi igjen i forholdet mellom hovud og utfylling i frasar, og det er ikkje utenkeleg at det er denne relasjonen som er utgangspunktet for å utvide dei lokative tydingane av *til* til det grammatiske domenet.⁶

5 Avslutning: Eit skjelett for ein ordboksartikkel

Vi har i denne artikkelen sett nærmare på semantikken til den norske preposisjonen *til* i lys av på den eine sida lingvistisk teori og på den andre sida leksikografisk praksis. Vi tok utgangspunkt i eit framlegg om at teoretisk funderte studiar av leksikalsk semantikk kan gi eit godt grunnlag for beskrivelsar av ord i ordbøker (Atkins *et al.* 1988), og peikte på at dette gav leksikografen høve til å la hypotesar om tydingsstruktur vere utgangspunkt for organiseringa både av materialet sitt og av ordboksartikkelen som bygger på dette materialet.

Mot denne bakgrunnen blei artikkelen om *til* i *Nynorskordboka* kritisk drøfta, der vi peikte på problem både med definisjonar og struktur. Ein alternativ analyse tufta på kognitiv grammatikk blei presentert. Denne analysen bygde på dei teoretiske omgrepa biletskjema og konseptuell metafor, og på det meir generelle skiljet mellom leksikalsk og grammatisk tyding. Med utgangspunkt i denne analysen føreslår vi til avslutning følgjande skjelett for ein ordbokartikkel om den norske preposisjonen *til*:

- A Leksikalske tydingar
 - 1 Lokativ tyding
 - a. Rute mot slutt punkt (16a, b)
 - b. Nådd slutt punkt (16c)
 - c. Utstrekning mot slutt punkt (= grense) (16d, e)
 - d. Orientering mot slutt punkt (16f)
 - 2 Tilstandsending (19)
 - 3 Temporal tyding (20 – 21)
- B Grammatisk tyding (22a-h)

Notar

- 1 Dette arbeidet blei første gong presentert på ei dugnadsgruppe om leksikografi og leksikalsk semantikk på MONS X i Kristiansand i 2003. Takk til alle som kommenterte det då. Takk også til NLTs redaktør og to konsulentar for konstruktive bidrag av mange slag, og til Anne Engø ved Norsk Ordbok 2014 som kvalitetssikra siste versjon av manus.
- 2 Ein av konsulentane til NLT peiker på at denne konklusjonen kan verke noko lettvinn, på grunnlag av følgjande resonnement: I og med at kognitiv lingvistikk ser redundans som eit sentralt aspekt ved naturlege språk, er det ingenting i vege for å rekne med at både preposisjon og verb bidrar der rørsletyding. Ein slik analyse går sjølvsagt for (14a), men ikkje (14b), der rørsle ikkje inngår i tydinga. Så langt eksempla i (14) gjeld, kan problemet kort formuleras slik: Kvifor inngår rørsle i tydinga til *til* bare når preposisjonen står saman med eit rørsleverb? Etter vårt syn gir svaret seg sjølv. Likevel er problemstillinga som konsulenten reiser, såpass interessant at ho fortener ei meir generell behandling i ein eigen artikkel. Men den får vente.
- 3 Her kan det vere nyttig å samanlikne med ein av bruksmåtane til *mot*, illustrert i setninga *køyre mot byen*, der noko eller nokon beveger seg langs ei rute mot eit mål, men utan å nå målet (sjå Kristoffersen 2001). Heller ikkje her er startpunktet definert, medan rute og slutt punkt er det. *Mot* skil seg frå *til* i at dei uttrykker to ulike forhold mellom rute og slutt punkt – ved *til* blir slutt punktet nådd, ved *mot* ikkje.

- 4 Wendt (2003:400) diskuterer bruken av *till* i svensk, og viser at i eldre svensk kunne *till* uttrykke ulike påstadsrelasjonar.
- 5 Jackendoff (2002:137) går mot dette synspunktet når han skriv: "I find this argument rather empty: there is no constituent of the larger NP that does *not* have some semantic relation or another to the head". Dette er sjølv sagt ikkje feil, men det er likevel ein problematisk påstand, fordi Langacker faktisk gjør det klart at det finst ulike semantiske relasjonar som kan kome til uttrykk via ein og same preposisjon, og at desse må karakteriserast på ulikt vis. Vidare er det ikkje urimeleg å meine at ei sentral oppgåve innanfor leksikalsk semantikk bør vere å karakterisere desse ulike relasjonane på mest mogleg eksplisitt vis.
- 6 Nå er ikkje *til* den einaste norske preposisjonen som uttrykkjer ein asymmetrisk relasjon mellom *tr* og *lm*. I ein meir detaljert analyse av denne preposisjonen – som fell utanfor denne skisseprega beskrivelsen av *til* – bør ein undersøkje kva ved denne relasjonen som skil den frå asymmetriske relasjonar ved andre norske preposisjonar.

Litteratur

- Atkins, Sue, Judy Kegl & Beth Levin 1988: Anatomy of a verb entry: From linguistic theory to lexicographic practice. *International Journal of Lexicography* 1, 84–126.
- Nordisk leksikografisk ordbok*. Redigert av Henning Bergenholtz, Ilse Cantell, Ruth V. Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson & Bo Svensén. Oslo: Universitetsforlaget 1997.
- Bokmålsordboka: definisjons- og rettskrivningsordbok*. [2. utg.] Redigert av Marit I. Landrø & Boye Wangenstein. Oslo: Universitetsforlaget 1993.
- Cruse, D. Alan 1995: Polysemy and related phenomena from a cognitive linguistic viewpoint. Saint-Dizier, Patrick & Evelyne Viegas (red.): *Computational lexical semantics*. Cambridge, UK: Cambridge University Press, 33–49.
- Dyvik, Helge 1980: *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger*. Bergen: Institutt for fonetikk og lingvistikk, Universitetet i Bergen.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jackendoff, Ray 2002: *Foundations of language: brain, meaning, grammar, evolution*. Oxford: Oxford University Press.
- Johnson, Mark 1987: *The body in the mind: the bodily basis of meaning, imagination, and reason*. Chicago: University of Chicago Press.

- Kristoffersen, Kristian E. 2001: Semantic structure of the Norwegian preposition *mot*. *Nordic Journal of Linguistics* 24, 3–28
- Krogstad, Grete 2000: *Å forske på på: En leksikalsk-semantisk beskrivelse av preposisjonen på*. Upublisert hovedoppgåve, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Lakoff, George 1987: *Women, fire, and dangerous things*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lakoff, George 1993: The contemporary theory of metaphor. Andrew Ortony (red.): *Metaphor and thought*. [2. utgåve]. Cambridge: Cambridge University Press, 202–251.
- Lakoff, George og Mark Johnson 1980: *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lakoff, George og Mark Johnson 1999: *Philosophy in the flesh: the embodied mind and its challenge to Western thought*. New York: Basic Books.
- Langacker, Ronald W. 1987: *Foundations of cognitive grammar*. Bd 1: *Theoretical prerequisites*. Stanford, Ca.: Stanford University Press.
- Langacker, Ronald W. 1992: Prepositions as grammatical(izing) elements. *Leuvense Bijdragen* 81, 287–309.
- Moshagen, Sjur N. 1993: *Over – again!: A formalized i-semantic study of the Norwegian preposition over*. Upublisert hovedoppgåve, Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim [NTNU].
- Norsk riksmålsordbok*. [2. utg.]. Redigert av Trygve Knudsen, Alf Sommerfelt & Harald Noreng. Oslo: Kunnskapsforlaget 1983-1995.
- Nynorskordboka: definisjons- og rettskrivingsordbok*. [2. utg.] Redigert av Marit Hovdenak, Laurits Killingbergtrø, Arne Lauvhjell, Sigurd Nordlie, Magne Rommetveit & Dagfinn Worren. Oslo: Samlaget 1993.
- Olsen, Torild 1995: *Momenter til semantisk beskrivelse av i og på*. Upublisert hovedoppgåve, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Silva, Elisabeth W. 1995: *In/on-type elements in Tamil and Norwegian. A study in the expression of unit-creating relations*. Dr.Art.-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Sweetser, Eve 1990: *From etymology to pragmatics: metaphorical and cultural aspects of semantic structure*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Taylor, John R. 2002: *Cognitive grammar*. Oxford: Oxford University Press.
- Tyler, Andrea & Vyv Evans 2003: *The semantics of English prepositions*.

Cambridge, UK: Cambridge University Press.

Wendt, Bo-A. 2003: Multifunktionalitet hos prepositionen *till*. Hansen, Zakaris S. & Arnfinnur Johansen (red.): *Nordiske studier i leksikografi 6*. Tórshavn: Nordisk forening for leksikografi, s. 397–403.

Widell, P. 1992: Om definitioner i almensproglige ordbøger. R.V. Fjeld (red.) *Nordiske studier i leksikografi 1*. Oslo: Nordisk forening for leksikografi, s. 144-155

Adressa til forfattarane:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium,
Boks 1102 Blindern,
0317 Oslo
a.s.runde@iln.uio.no
k.e.kristoffersen@iln.uio.no